

Referat frå årsmøte i Bjordal og Ortnevik sokn

søndag 27.02.22 etter gudstenesta i Bjordal kyrkje kl. 16.00

Det vart plassert bord i midtgangen av kyrkja, og servert kaffi, kake, fastelavnsbollar og frukt til dei 15 fram møtte.

Leiar Sissel Sørebo refererte frå årsmeldinga for 2021 - den vart teken til vitande utan merknad.

Kasserar Liv- Gunnbjörg Søreide la fram tal frå rekneskapen.

Sum inntekter på	kr 44.843.20
Sum utgifter på	kr 39.745.35

Det har kome inn mykje pengar på vipps spesielt ved konfirmasjon - og dåpsgudstenester.

Det vart eit overskot på kr 5.097.85 dette året.

I banken pr.01.01.22 har soknerådet kr 27.044.47.

Mari- Ann L. Fridtun har revidert rekneskapen og funne den i orden.

Soknerådet har ikkje lukkast å skaffe to revisorar, men vil prøve ordne dette til neste år.

Andre saker som vart diskutert :

Det er no utlyst ny stilling som trusopplærar. Toril Lange som gjekk av med pensjon v/ nyttår vil vere med i konfirmantarbeidet denne våren.

Camilla M. Ådland har teke på seg nokre av oppgåvene til kyrkjelydspedagogen i ein periode.

Tysdag 5. april blir det fasteaksjon - dør til dør her på Sørsida – med konfirmantane, foreldre og sokneråd.

Det blir dugnad på kyrkjegarden i Bjordal tysdag 26. april.

Felling av tre på kyrkjegarden i Ortnevik må vurderast på nytt.

Bjordal får høgtidsgudsteneste 1. påskedag. I Ortnevik, som er ei høgtidskyrkje no, vil det bli eit tilbod skjærtorsdag kl 18.00; ein gjennomgang av påskedramaet, eit opplegg som vart nytta for 3 år sidan.

I tillegg er samtalegudstenesta lagt til Ortnevik, og det blir ei familiesamling til våren.

Friluftsgudstenesta på Sørebo blir i år 2. pinsedag.

Det er no 3 år til 100 års jubileet til Ortnevik kyrkje, og fellesrådet har innvendig vedlikehald på prioriteringslista. Universal tilkomst til kyrkja har vore drøfta fleire gonger, men er ei omfattande sak; og er enno ikkje på plass.

I Bjordel kyrkje er det ei utfordring med rømmingsveg frå galleriet, innkjøp av taubranntstige som kan festast over rekkverket ved behov har vore vurdert.

Bjørnar og Norvald lagar ein plan for oppsetting av hyller på rommet med kjøkken i Bjordal kyrkje, sidan rommet er lite og benkeplassen er begrensa.

Årsmøtet kan tenkje seg 3 kyrkjelydskveldar til hausten om trusvedkjenninga v/ Geir Sørebo. Eit opplegg som var planlagt før pandemien. Her kan det vere aktuelt å samlast ein gong i kvar av bygdene.

Årsmøtet vart avslutta med to vers av salmen Fager kveldssol smiler.

Sissel Sørebo
Leiar

Ann Iren Østerbo
sekretær

Kopi: Lavik kyrkjekontor
Høyanger kyrkjekontor